

Høyring: Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland

Hyllestad kommune viser til Vestland fylkeskommune sin regionale plan for innovasjon og næringsutvikling som er ute på høyring med frist for innspel 26. mars.

Hyllestad kommune tok del i høyringsmøtet for Sogn den 1. mars (næringskoordinator), Sunnfjord den 15. mars (ordføraren), og fellesmøte mellom politisk og administrativ leiing i Vestland og Hyllestad den 23. mars. Planen har ikkje vore politisk handsama internt i kommunen. Planen har også blitt drøfta i fellesmøte med næringssef i Fjaler kommune og næringsrådgjevar Askvoll kommune.

Innspel og merknader

Hovudmål og strategiar

Planen skal sette retning for arbeidet med innovasjon og næringsutvikling i Vestland og byggjer på mål og prinsipp slått fast i Utviklingsplanen for Vestland 2020-2024. Hovudmålet er bra og planen er god ved at den gjev ei tydeleg retning forsatsingsområda. Hyllestad kommune støttar målsettingane om at produksjon og næringsaktivitet skal utviklast i ei retning som er meir berekraftig og i tråd med FN sine berekraftsmål.

Vi tykkjer også det er positivt at planen tar utgangspunkt i dei naturlege fortrinna fylket har. Hyllestad kommune støttar også mål og prinsipp i Utviklingsplanen for Vestland 2020-2024 som ligg til grunn for den regionale planen for innovasjon og næringsutvikling. Hyllestad kommune kan nemne at vi brukte aktivt Sogn og Fjordane sin verdiskapingsplan samt eigne kunnskapsdata og behov då vi i 2017/2018 reviderte kommuneplanen sin samfunnsdel.

Satsingsområda

Satsingane i planen er bransjenøytrale og gjeld for alle næringane. Det er store skilnadar mellom regionar og kommunar i fylket vårt og satsingane i planen vert derfor ganske overordna. Etter vårt syn må Hyllestad kommune framleis ha sin eigen verdiskapingsplan i samfunnsdelen eller som ein eigen temaplan. Samstundes kan og bør eige planverk byggjast på dei same grunnprinsippa som den regionale planen. Det vil vere viktig at satsingsområda brytast ned til lokale tilhøve. Eit viktig moment i oppfølginga av planen vert å identifisere næringar og verdikjeder for framtidig verdiskaping. Her vil vi gjerne trekke fram marin og maritim sektor i tillegg til landbruk, reiseliv og kulturbasert næringsliv for å sikre verdiskaping og fleire arbeidsplassar i regionen vår. I Hyllestad kan vi spesielt nemne at vi har vekstpotensiale når det gjeld Havbruk og verdikjeda rundt, FoU knytt til den næringa. Vi har vekstpotensiale når det gjeld satsing rundt Fjordkysten Regional og Geopark. Vi har Havyard som må omstille seg og store moglegheiter for knopskyting og grøn omstilling. Tenker også på moglegheit for elektrifisering av havbruk, skipsindustri osv

Dersom regionssentra veks mykje er det vanskeleg å behalde arbeidskrafta i distriktskommunane. Det demografiske utfordringsbiletet gjer at dette er ein vanskeleg balanse og det er ønskjeleg at fylket legg til rette for desentralisert arbeidsplassar og at ein lagar strategiar for korleis ein kan få nok arbeidskraft til distrikta.

Verkemiddelpolitikk

I planen står det at «Ein verkemiddelpolitikk som støttar opp under satsingane, og nyttar dei rette verkemidla, og kombinasjonar av verkemiddel til rett tid vil vere heilt sentralt for å setje satsingane ut i livet».

Her vil Hyllestad kommune konkret nemne at vi er veldig nøgd med verktøykassa som allereie er tilgjengeleg og vi samarbeider og samhandlar allereie i omstillingsprosjekt, partnerskapsavtalar, LivOGLystprogram, utviklingsprosjekt osv. Og vi ha ein god 2. linje teneste for innovasjon og vekstprosjekt. Vi tykkjer vi har eit godt samarbeid og eit godt grunnlag for å drive næring- og samfunnsutvikling. Men vi kjenner verkeleg på at det er problematisk at kommunale næringsfondsmidlar skal opphøyre. Etter vår meining var dette eit svært viktig verktøy for å styrke og vidareutvikle det lokale næringslivet og bidra til å etablere nye arbeidsplassar m.a. ved støtte til grunderar/nyetableringar. For oss har næringsfond vore vesentleg og utløysande for etablering og utvikling. Det er ønskjeleg at ordninga med kommunalt næringsfond blir tilbakeført. Vi føreslår at ordninga vert vurdert som tiltak i handlingsprogram 2022-2025.

Arealbruk

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling skal vere med på å utvikle retningslinjer for ei langsiktig og balansert utnytting av natur- og arealressursar i Vestland. Areal til næringsutvikling omfattar korleis vi nyttar naturressursar, og korleis ein legg til rette areal for ny næringsutvikling. Rett areal for rett næring, der ein har tatt omsyn til tilgang til infrastruktur står sentralt. Det er svært ulike utfordringar i by og land, kyst og innland, som det her må takast omsyn til.

I distrikta har ein naturressursar og bedrifter som gjer at fylket kan skape nye og framtidretta arbeidsplassar. I vårt område er det ei utfordring at statsforvaltaren svært ofte kjem med motføresegner som kan vere til hinder for å ta i bruk areal til næring, busetting og infrastruktur. Dette meiner vi er uheldig med tanke på kommunen sine framtidige moglegheiter og med fylket si overordna målsetting om at heile fylket skal takast i bruk.

Ny bustadutvikling, nye vegar, akvakulturnæringa krev tilgang til naturareal som kan skape interessekonfliktar. Det er viktig å sikre ein god arealdisponering med balanse mellom bruk og vern, og kommunen treng arealstrategiar som veg behovet for utvikling mot forvaltning og vern av arts- og naturmangfald, landskaps- og kulturminneverdiar. Regional medverknad og støtte i høve planlegging av næringsareal og oppdatert planverk kan vere bra. Arealet til bustad- og næringsutviklinga må sjåast i heilskap med arealbruken elles. Fylkeskommunen og statsforvaltaren bør arbeide saman med kommunane om å halde arealplanar oppdaterte og sørge for ei langsiktig, differensiert og balansert utnytting av natur- og arealressursane i fylket.

Skule, utdanning, rekruttering

God og relevant utdanning og gode system for livslang læring er naudsynt for å sikre arbeidskraft og skape konkurransedyktige næringar. Enkelte næringsområde har vanskar med å rekruttere relevant arbeidskraft og det er viktig at det vert lagt til rette for eit desentralisert utdanningstilbod som gjev tilgang til fleksible og framtidretta utdanningstilbod i den einskilde bu- og arbeidsmarknadsregion.

I vårt område er vi heldige som har Dale Vidaregåande skule som har eit attraktivt og godt skulemiljø og god dialog med næringslivet sitt behov både. Dette gjeld også Høyanger vidaregåande som utdannar fagpersonell til det sterke elektromiljøet vi har i Hyllestad, Gulen og Solund. Dette er vesentleg for at ungdommar skal bli verande eller komme tilbake etter fullført utdanning. Samstundes må både privat og offentleg sektor leggje til rette for å kunne ta inn fleire lærlingar.

Infrastruktur

Næringsutvikling og verdiskaping er avhengig av god infrastruktur og føreset gode løysingar for kommunikasjon og transport av gods og folk. Sjøvegen sikrar effektiv transport med låge utslepp og effektive hamner kan vere ein vekstnæring. Skal heile fylket takast i bruk er det ønskjeleg at kjem i stand betre transportløysingar i distrikta. Det er svært viktig at Fylkesvegane vert sett i slik stand at ein på ein transporteffektiv måte koplar seg inn til E-39. Mange av desse fylkesvegane kan med relativt små tiltak bli effektive transportvegar for næringslivet. Passeringslommer og siktsrydding er eksempel på slike tiltak. Rasfarlege vegar er negativt for busetjing og næringsutvikling. Trygge samfunn treng trygge vegar.

Gode vegar, samferdsel og kollektivtrafikk i og mellom nabokommunane er også viktig for Hyllestad. Difor er kommunen oppteken av best mogleg samband også i Gulen, Fjaler, Askvoll, Solund, Høyanger og til Sunnfjord. BAS området til Hyllestad. Det er med å legge grunnlag for utvikling i desse kommunane saman med Hyllestad.

Utbygga mobilnett og god fiberdekning naudsynt for trivsel og tryggleik, samt utvikling av smarte distriktskommunar. Her må fylkeskommunen vere ein god medfinansiert aktør.

Klima

Hyllestad sitt sterke elektromiljø kan bli ein vinnarfaktor i ulike klima og miljøtiltak. Døme på dette eletrifisering av m.a. anlegg og produkt knytt til oppdrettsnæringa, og ikkje minst eletrifisering av båthavner for framtidig tilrettelegging for eletrifisering av båtar til både fritid og næring.

I det daglege legg Hyllestad vekt at alle innbyggjarar skal kunne ta klimaval. Vi får endeleg på plass våre første hurtigladare. Og vi har planar for el-ladarar ved alle offentlege bygg og dei største arbeidsplassane. Tilskotsordningar har og er utløysande for at Hyllestad også kan ta del i klimasatsingar.